



Nasjonalbiblioteket

Dato: 30.05.2018
Vår ref.: 2014/13245-30
Saksbehandlar: rutornh
Dykkar ref.2013/459:

Sluttrapport prosjekt *Sterk, spenstig og klar*

Vi sender med dette sluttrapport for prosjekt *Sterk, spenstig og klar*. Prosjektet var avslutta ved årsskiftet, men då vi ønskte å få fram resultat av prosjektet ved hjelp av tal frå statistikk for 2017, har rapporten blitt forseinka.

Prosjektet har vore stort og ambisiøst. Det har styrka dialogen mellom kommunane og fylkesbiblioteket – noko som er positivt for vidare samarbeid om utvikling av bibliotekenestene i fylket. Folkebiblioteka er styrka som møtestader og debattarenaer både fysisk og digitalt, og dei bibliotektilsette har fått auka kompetanse. Dette gjer folkebiblioteka i Hordaland betre i stand til å oppfylle det nye formålet i Lov om folkebibliotek.

Prosjektet har vore med på å endre arbeidsmåten i fylkesbiblioteket. Fylkeskommunen har vedtatt å halde fram med Modellbibliotekprogrammet. Fylkesbiblioteket har tatt inn organisering og koordinering av turnear til biblioteka, som del av sitt arbeid. Det digitale bibliotekrommet blir vidare utvikla i det toårige prosjektet *Kjelda*, som har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket.

Prosjektmidlane frå Nasjonalbiblioteket, saman med midlar knytt til gjennomføring av Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, har ført til politisk merksemd og til at fylkeskommunen har forsterka si rolle som samfunnsutviklar på bibliotekområdet.

Vi takkar for støtta til prosjektet og tolmodet med å vente på sluttrapporten. Det har ikkje vore mogleg å legge samandraget inn i rapporteringsskjemaet på bibliotekutvikling.no.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Sluttrapport
2. Rekneskap
3. Revisjonsrapport

